

M U BEVARINGS-
H O TENESTENE

Årsmelding 2021



Årsmelding frå Bevaringstenestene

2021

Bevaringstenestene (Bev) er ei felles teneste innan bevaring og konservering av samlingane til dei konsoliderte musea i Vestland. Vi har ansvar for eit fellesmagasin av god kvalitet. Vårt mål er at vi saman med musea bidreg til å bevare vår materielle kulturarv ved å bremse dei prosessane som naturleg bryt ned gjenstandane så langt det er mogleg enten det er på utstilling, på magasin eller i eit historisk interiør.

2021 var eit travelt år kor vi til tider var svært underbemanna, samstundes som vi hadde høg aktivitet. I tillegg til revitaarbeid for musea og oppdrag for eksterne kundar har vi arbeidd med fleire utviklingsprosjekt. Med midlar frå Vestland fylkeskommune har vi kartlagt behovet for maleri- og paprikonservator. Vi har starta opp arbeidet med ein ny samlingsplan for musea i Vestland som mellom anna skal sei noko om korleis vi best kan arbeide for musea i framtida. Vi har vore aktive i nasjonale og internasjonale faglege nettverk som ICOM-CC og seksjon for samlingsforvaltning, Museumsforbundet. Vi har etablert eit tett samarbeid med Bergen Brannvesen og har gjeve musea opplæring i å utarbeide verdibergingsplanar.

Vi har arbeidd mykje dette året med å informere politikarane i forkant av deira handsaming av saka om nytt fellesmagasin for musea i Vestland. Den 12. oktober var Utval for kultur, idrett og integrering på besøk, og fekk først en kort presentasjon av avdelinga og planane for nytt magasin, før dei vitja magasin og atelier. Vi laga ein kortfilm i samarbeid med AVIA, som saman med skriftlege innspel vart sendt til dei folkevalde i forkant av den politiske handsaminga av saka om nytt magasin i dei ulike politiske nivåa i fylkeskommunen. I desember vedtok fylkestinget at det skal byggast nytt magasin. Dei ønsker at det skal greiast ut alternative løysingar som gjer at kostnadane kan reduserast og ser på alternative løysingar for plassering. Det er gledeleg at dei leiande politikarane i Vestland forstår utfordringane våre med at det noverande fellesmagasinet ikkje har plass til dei store gjenstandane i samlingane, og at eit nytt magasin fremjer samhandling og samarbeid mellom musea. No kan vi endeleg kome vidare med eit forprosjekt som skal avklare lokalisering, finansiering og framdrift i prosjektet.

Bevaringstenestene er no Miljøfyrtårnsertifisert, noko som gjer at vi har ekstra fokus på å redusere klimautslepp og vår påverknad på det ytre miljø.

Bevaringstenestene har fått midlar frå KUP og Museumsloft til å etablere eit dokumentasjonsteam, og ei 3-årig prosjektstilling som samlingsforvaltar vart lyst ut ved årsskiftet.

I 2021 har vi vore meir til stades i sosiale medium med nye postar på Facebook kvar veke, vi har delteke i tre korte filmar og blitt intervjuet i Kulturarven, BA og BT.

Vi la ned store ressursar i å rekruttere nye konservatorar. Alle stillingane vart lyst ut internasjonalt og vi fekk mange gode søkarar frå heile verda. Vi tilsette heile fem nye, som kjem frå fem forskjellige land. Dei tok til i stillingane utover hausten, men fleire måtte vente lenge på grunn av stengte grenser og lang sakshandsaming for visumsøknadar hjå UDI. Dei nye er Heleen van Santen, metallkonservator frå Nederland, Natalija Ćosić, preventiv konservator frå Serbia, Sian Pirnie, gjenstandskonservator frå England, Signe Thøgersen, tekstilkonservator frå Danmark og Emma Hartikka, tekstilkonservator frå Finland. Vi er utruleg stolte av å ha eit så stort og fagleg sterkt konserveringsfagleg miljø som arbeider både for musea i Vestland og for våre eksterne kundar.

Sarah Benson fekk ny jobb ved nasjonalmuseet i Stockholm og hadde sin siste arbeidsdag ved Bevaringstenestene 30.11. Lena Hönig flytta tilbake til heimlandet Tyskland og ny jobb ved Vitra Design Museum og hadde siste arbeidsdag 1.5..

Formidling

Målsetjinga for formidlingsverksemda vår er å spreie kunnskap om alle sider av temaet konservering, bevaring og samlingsforvaltning.

Bevaringstenestene har utvikla fleire kurstilbod innanfor dei fagfelta vi dekkjer. Våren 2021 var eit nytt kurs klart, denne gongen om bevaring av plastgjenstandar i samlingane. Vi hadde ei utprøving av kurset for deltakarar i Museum Vest, og hadde så to ordinære kurs i november for tilsette frå KODE, MUHO, Museum Vest og Bymuseet.



Tilsette frå Bymuseet og Museum Vest på plastkurs

Vi har også halde to kurs om gjenstandshandtering for nytilsette i KODE, samt eit oppfriskingskurs for andre tilsette i same organisasjon.

Den 5. november hadde vi ein presentasjon av Bevaringstenestene sitt tilbod til musea og eit innlegg om planane for nytt magasin på Vestland fylke sin museumsleiarkonferanse.

Vi har vore meir synlege i sosiale media ved små presentasjonar av oppdrag vi har gjort for musea og nokre av dei andre kundane våre. I tillegg har vi brukt desse kanalane for å presentere nye tilsette.

Bevaringstenestene har laga ein kort film som presenterer utfordringane med dei fulle magasinane våre og kvifor det er nødvendig med eit nytt fellesmagasin. Filmen vart sendt til medlemmene i hovudutvalet for kultur, idrett og integrering i Vestland fylkeskommune.

I samband med prosjektet “Bevare meg vel” deltok vi i innspeling av filmen om restaureringa av Finnegården på Hanseatisk museum. Filmen set lys på museet sine samlingar og arbeidet som vert utført bak kulissene i museet for å klargjere gjenstandar til utstilling. I filmen snakka vi om konservering av ein englefigur som er laget av formpressa metallplater. Englefiguren har tidlegare hengt frå taket på stuen i Finnegården og er truleg ein av dei første gjenstandane museet samla inn. Engelen er no ferdig konservert og ventar på å få nytt oppheng til utstilling.



Gjenstanden er konservert i samband med filminga av prosjektet «Bevar meg vel».

Vi har hatt nokre mediaoppslag om arbeidet vårt. I sommar fekk vi ein artikkel i BA om konservering av «Grinegutten» og ein artikkel i BT om konservering av Hannah Ryggen sitt teppe «Vi lever på ein stjerne» i samband med markeringa av at det var 10 år sidan bombinga av regjeringkvartalet i Oslo. Begge artiklane vart skrivne som følgje av tips frå oss og innlegg på våre Facebooksider. Det var også ein tre siders artikkel i magasinet Kulturarven i juni med tittelen «Kunsten å konservere».

Forvalting

Vårt mål er å levere tenester på eit høgt nivå innan forebyggjande konservering, bevaring og samlingsforvaltning til dei konsoliderte musea i heile det nye Vestland fylke. Vi tilbyr også våre tenester til eksterne kundar nasjonalt.

Samlingsforvalting

Museum Vest

Vi har konserverert ei brudekrone og ein bunad som no står utstilt på Kystmuseet i Øygarden. Vi har konstruert ei støtte og montert drakta på ein måte som gjev eit inntrykk av korleis den ville ha sett ut i bruk.



Utstilling av brudekrone og bunad på Kystmuseet i Øygarden

Vi har laga ei støttepute til stokkebåten på Bergens Sjøfartsmuseum. Båten er behandla med kerosol, og vi måtte difor lage ein "overmadrass" med eit lag av kjemisk absorberande "pads" inni. Dette for å unngå å skulle skifte heile puta med jamne mellomrom. Når det er naudsynt, kan vi berre skifte overmadrassen. Vi har også gitt museet råd om klima i utstillingar og monter.

Både Bergens Sjøfartsmuseum og Norges fiskerimuseum har levert flyttelass i året som var. Arbeidet med dokumentasjon og tilstandsvurdering vart ikkje ferdigstilt før årsskiftet grunna lite

ledig kapasitet hjå konservatorane. Vi har også fotografert ei samling arkitektteikningar frå Nordsjøfartsmuseet. Desse vart flytta hit etter RE-ORG-prosjektet i 2020, men dei har først blitt registrerte i Primus no. Teikningane er lagt i inert folie slik at dei kan studerast utan å bli rørt ved. Ikkje minst vil folien halde teikningane i flat tilstand.

Vi har delteke i drøftingar om restaurering og nyopning av Hanseatisk museum, og korleis Bev best kan hjelpe til med planlegginga av eit nytt utstillingskonsept.

Vi har laga ei tilstandsvurdering av bronseskulpturen «Seilfrue med flagg og vimpler» av Arne Johan Vinje Gunnerud på Sjøfartsmuseet.

Museum Vest har hatt magasin på Bontelabo, men dette må avviklast i løpet av 2023. Magasinsituasjonen for museet er difor prekær, og for å hjelpe museet inntil nytt nærmagasin er på plass får dei flytte det meste av små og mellomstore gjenstandar til Fellesmagasinet utan at det vert stilt krav om at det skal vere såkalla ERNI-gjenstandar¹. I samband med flyttinga frå Bontelabo har Fiskerimuseet fått råd om kor vidt ei sjøbu i nærleiken til museet kan brukast som nærmagasin. Vi har skrive ein uttale om kva tilpassingar som må til for at bygningen skal kunne brukast til dette formålet. Det vil uansett ikkje bli mogleg å plassere gjenstandar over ein viss storleik i bygget.



I februar og mars tok vi ned resten av lerretstapetet i to rom på Hanseatisk museum. Desse vil bli lagra på store rullar i fellesmagasinet.

¹ ERNI: gjenstandar av eineståande regional eller nasjonal interesse

KODE

I tillegg til ordinære tenester som vi utfører for alle dei konsoliderte musea i Vestland, kjøper KODE konserveringstenester av Bevaringstenestene.

Konservatorar frå ulike fagfelt har laga fleire utlåns- og tilstandsrapportar for kunstverk som KODE vil låne ut eller returnere til eigar. I tillegg har vi tilstandsvurdert fleire verk og montert store tekstilkunstverk som er ein del av utstillinga “First the good news. Nye verk i samlingen”.

Vi held fram med å arbeide med det kinesiske skjermbrettet for permanent utstilling i KODE 1. Vår møbelkonservator arbeider for å stabilisere alle skader, lage nye deler der det er manglar, og gjere innfyllingar i dei mange områda som har skader på overflata. Arbeidet er veldig spesialisert og tidkrevjande.

To konservatorar har konserverert 30 skulpturar som er del av kunstverket “Partitur for en lengre samtale” av Bård Breivik. Skulpturane har vore på KODE i fleire år og skal no returnerast til eigar. Ettersom materialet sin naturlege aldtingsprosess har ført til skade, særleg i skulpturane som er sett saman av fleire ulike material, trengte skulpturane konservering.

Det blei oppdaga skader på glasmåleriet i trappehuset til KODE 1, laga av den bergensfødde kunstnaren Bernhard Greve. To gjenstandskonservatorar fekk i oppdrag å vurdere tilstanden til glasmåleriet og foreslå tiltak.

Eit stort prosjekt i KODE er pakking av gjenstandar som skal flyttast ut frå KODE 1. Våre gjenstandskonservatorar var på museet i fire veker og pakka ulike gjenstandar frå sølvsamlinga. Gjenstandane er flytta til Salhus, tilstandsvurdert og flytta inn i fellesmagasinet.



Pakking av sølv på KODE

I november og desember arbeidde vi med å pakke glasgjenstandar for flytting til fellesmagasinet. Vi tok imot drygt 1400 gjenstandar frå dette prosjektet. Revitaprosessen vert gjort ved ledig tid ettersom dette er eit ekstraordinært flytteprosjekt for museet. Forutan dette har vi reinsa og flytta

gjenstandar i keramikkmagasinet i KODE 1 saman med to tilsette frå museet. Gjenstandane trong reingjering som følgje av ei skade i taket på grunn av arbeid i bygningar i nærleiken.

KODE har to store prosjekt dei komande åra, nemleg restaurering av Lysøen-villaen og innflytting i det nye magasinet på Kokstad. Vi har delteke på fleire møte om den planlagde restaureringa av Lysøen-villaen, og har kome med råd og innspel i planarbeidet. I september starta arbeidet med å førebu flytting av gjenstandar ut av villaen. Mellom anna utførte vi tilstandsvurdering og sikring av gjenstandar før transport. Vi deltek på digitale planleggingsmøte kvar veke saman med prosjektleiaren for Lysøen. Arbeidet med å klargjere gjenstandar for utflytting av villaen er i gang. Mellom anna utfører vi tilstandsvurdering og sikring av gjenstandar. Gjenstandskonservatorane har fjerna og pakka emaljerte blikkplater som var ein del av ein dekorativ veggdekorasjon i inngangspartiet. Platene var i svært ustabil tilstand, difor var det spesielt viktig å få fjerna og sikra dei. Tekstilkonservatorane har pakka ned to portierar og eit flygelteppe for å hindre at dei vert skada under pågåande arbeid i villaen.



Demontering av plater av blikk på Lysøen



Pakking av keramikk på KODE1

Magasinet på Kokstad er under bygging, og vi har delteke i møte med KODE og prosjektleiar frå NIKU for å planlegge arbeidet med flytting av samlinga. Vi har hatt eit møte med Anne Ørnhøi, prosjektleiar for dette flytteprosjektet, kor vi delte våre erfaringar frå tidlegare pakkeprosjekt. Vi har dessutan samanstillt klimaspesifikasjonar for magasinering av ulike materialtypar.

Tekstilkonservatorane har arbeidd med tekstil re-org på KODE 1. Dette arbeidet er ein del av flytteprosjektet frå sentrum til Kokstad.



ReOrg i tekstilmagasinet på Kode

Vi sette opp insektfeller på alle KODE sine bygg i september, og dette er eit første steg til å få eit godt oversyn over insektsituasjonen i heile KODE.

I tillegg til dette har vi også gjennomført to gjenstandshandteringskurs for tilsette i KODE. Det eine var for tre registrarar som arbeider i Ole Bulls villa på Lysøen, medan det andre var eit oppfriskingskurs for samlings- og produksjonsavdelinga i museet.

Baroniet Rosendal


Vi gjennomførte ei synfaring på Baroniet i mars. Vår møbelkonservator tilstandsvurderte alle møblane i huset, med tanke på ei eventuell insektsanering, og vi undersøkte insektfeller og målte opp ei seng for å kunne lage ei montering for sengeteppet vi har konservert. I juni var tekstilkonservatorane tilbake for montere sengeteppet, og undersøke insektsfellene på nytt.

Kraftmuseet

Vi har vore på ei synfaring i eit lager som museet ønskjer å nytte til oppbevaring av museumsgjenstandar, og har skrive ei anbefaling med naudsynte tiltak for å gjere lokalet eigna for langtidslagring av gjenstandane.


Hardanger og Voss museum

Det har vore gjort eit stort arbeid på Voss folkemuseum, i samband med deira nye basisutstilling som opna sist sommar. Tekstilkonservatorane hjelpste museet med innkjøp og råd om montering, og i mai var tre tekstilkonservatorar på Voss i fire dagar for å montere tekstilar klare til utstillinga. Det vart klargjort tre store plater, ei til bringeklutar, ei til biletteppet «Jomfruteppet», og ei til Vossaduken, ein unik duk som er datert til mellomalderen. Det vart også montert sko, dokker, drakt, dåpsluer og anna. To bunader frå Voss folkemuseum er på tekstilatelieret for å få utført nokre saumreparasjonar og glatting av stoffet. Draktdelane vert montert på glasfiberdokker slik at dei gjev støtte til tekstilane og framhevar drakta slik at publikum kan få eit inntrykk av korleis den ville ha sett ut i bruk. Dei skal monterast i utstillinga tidleg i 2022, og tre nye bunader vil bli frakta tilbake til atelieret for montering.



På Hardanger folkemuseum har vi gjennomført eit stort RE-ORG-prosjekt i gjenstandsmagasinet. Museet hadde på førehand gjort eit stort arbeid med å fjerne alt som ikkje skal vere i magasinet. Dette gav oss plass til å arbeide på, i tillegg til at det vart plass til nye arbeidsbord og reolar som var betalt av midlar frå tilskot frå fylkeskommunen.

I dette magasinet var stort sett alle gjenstandane logga med plasseringskode i Primus, men pga. plassomsyn var mange av dei plassert for tett. Vi prioriterte difor å pakke små gjenstandar i øskjer etter først å ha reingjort dei. Nokre større gjenstandar vart flytta til ein ny reol. Også desse vart reingjorte.



Før og etter re-org i gjenstandsmagasinet

Magasinet er ikkje fullstendig omorganisert med dette, men vi har føreslått ei rekkje mindre tiltak som kan gjerast utover vinteren. Då vil ein lokalt også få oversyn over større tiltak som bør arbeidast meir med. Kan hende endar dette i eit nytt samarbeidsprosjekt neste år. At vi ikkje ser oss ferdige viser at samlingsforvaltning er ein kontinuerleg prosess som aldri kan sjåast på som fullført.

Vi tok med oss totalt 48 maleri på lerret tilbake til Salhus. Lerreta er rulla tett saman og blir liggjande i karantene før vi rullar dei forsiktig ut og dokumenterer dei. Dei skal plasserast i fellesmagasinet. Vi har også føreslått for museet at dei sender ein del gipsskulpturar til fellesmagasinet. Dette vil gje kunstverka betre bevaringsforhold og god dokumentasjon. Ein ekstra vinst er frigjorte hyller i museet sitt eige magasin.

Til dette prosjektet stilte BEV med to personar, og etter avtale stilte museet med tre personar, og dei serverte god lunsj og forfriskingar. Dette er nødvendig når ein har slike arbeidskrevjande prosjekt.

Vi har vore på Ingebrigt Vik Museum og tilstandsvurdert skulpturen "Ynglingen". Dette er originalen i gips; bronseskulpturen står i Teaterparken. Gipsskulpturen har fått ein skade, og vi gav råd om vidare handtering av kunstverket.

Bymuseet

I april var tre gjenstandskonserverarar i St. Jørgens kirke for å hjelpe dei tilsette på Lepramuseet med housekeeping. I to dagar arbeida seks personar med å reingjere veggar, vindauger og altertavler. tillegg trengte to trekors frå altertavla nødkonservering og vi har limt og remontert

desse. Arbeidet i kyrkja blei filma av tilsette frå Tekstilindustrimuseet og dei har produsert ein liten film til MUHO si facebook-side.



Housekeeping i St. Jørgens kirke

Vi har vore med i prosessen med å flytte tre gravferdsvogner frå dårlege lager på Gamle Bergen til Hordamuseet, der dei vil ha mykje betre bevaringstilhøve. Vi har delteke på synfaringar og planlegging, samt reingjering og pakking av alle vognene i forkant av flyttinga. Vi har også lagt inn klimaloggarar i vognene, for å halde eit auge med dette gjennom prosessen. Konservatorane har seinare vore på Hordamuseet for å føre tilsyn med gravferdsvognene. Dei har ikkje tatt skade korkje av transporten eller nye klimatiske forhold.



Bymuseet leverte også to ordinære flyttelass i løpet av året. I tillegg til dette har vi dokumentert og magasinert ei samling tapetar som museet leverte i 2020. Disse har truleg arsenikk i seg, og vi valde difor å handtere dei i særskilt tilrettelagte omgivnader og med fullt verneutstyr.

MUHO

Vi har gjennomført eit RE-ORG-prosjekt i magasinet som VUS har på Kveldheim i Salhus. Ueigna hyller vart erstatta med nye slik at tekstiløskjene kom opp frå golvet. I tillegg er mindre gjenstandar pakka i øskjer slik at dei ikkje tek skade av støv som samlar seg opp over tid. Dette gjer det også lettare å ta inn restansane på registrering ved at ein no kan arbeide seg gjennom øskje for øskje. Magasinet har også blitt reingjort, og utstyr som er brukt i samband med arrangement har blitt flytta til Sletta. Det som står att er å få skifta lås i døra slik at VUS har kontroll med kven som har tilgang til magasinet. Dette skal gjerast i samarbeid med driftsleiar/brannvernleiar på Tekstilindustrimuseet. I samband med RE-ORG vart to gjenstandar flytta til fellesmagasinet.

I etterkant av RE-ORG i magasinet til Vestnorsk Utvandringssenter har vi gitt råd om pakking og magasinering av eit foto- og klipparkiv. Sjølv organiseringa av arkivet må dei få hjelp frå arkivarar til å få gjort på ein fagleg god måte.



TIM leverte ein del tekstilar i løpet av sommaren. Dei fleste av desse var fotograferte av museet. Vi nytta høvet til å pakke om ein del av plastemballasjen på tekstilane, slik at alle tekstilar, pappomslag og plast vart skilde frå kvarandre. Både papp og plast vil over tid skade tekstilane. I same omgang bytta vi silkepapir på dei gjenstandane som museet flytta i samband med pilotprosjektet vi hadde då vi starta innflytting i magasinet i 2009. Ved eit seinare høve vil vi fotografere desse gjenstandane på nytt. Fotografering vart avbestilt av museet ved innflyttinga i 2009, men bileta som var lasta til Primus held nokså dårleg kvalitet.

Sunnhordland museum

Vi har vore på synfaring i det ombygde magasinet ved Sunnhordland museum. Dette er ei stor forbedring for forvaltninga av samlinga ved museet.

Musea i Sogn og Fjordane

Vi har delteke i arbeidsmøte for planlegging av nytt fellesmagasin i Førde. Møta føregjekk kvar veke på Teams, og vår oppgåve var å bidra med kunnskap og erfaringar knytt til drift av museumsmagasin.

Magasinert (avslutta flytteprosjekt) 2021				
Institusjon				
	2009-2020	2021	Utlevert	Sum
Baroniet Rosendal				
Bymuseet i Bergen	5737	369		6106
Hardanger og Voss museum	749			749
KODE	3068	203	-1	3270
Museum Vest	4317	153	-4	4470
Museumssenteret i Hordaland	3194	53		3247
Kraftmuseet	166			166
Sunnhordland Museum	917			917
Sum	18148	778	-5	18921

Forretning

Bevaringstenestene sel tenester til ein stadig veksande kundekrins

Kulturhistorisk atelier

Bergen Kommune

Vi har gjennomført synfaring av skulpturen “Seiler for sol og vind” på Ortun skole utført av Arne Vinje Gunnerud. Skulpturen hadde fått ein skade under byggearbeid og vi har gjeve råd angående utbering av skaden.

Bronseskulpturen “Grinegutten” av Sofus Madsen har vore til konservering i vårt atelier i samband med renovering av fontenene den står i. «Grinegutten» vart reist i Byparken i 1948.

Vi har konserverert tre bronserelieff på minnestøtta for Johan, Peter og Jürg Jebsen som var grunnleggarane av Arna Fabrikker A/S i Ytre Arna. Relieffa er basert på eit utkast av Ambrosia Tønnesen. Vi har også fjerna korrosjonen på steinoverflata.



Konservatoren dekker det korroderte området med ein pasta som skal trekkje metall-ionane ut frå steinoverflata.

Synfaring av skulpturar av Ambrosia Tønnesen i Bergen sentrum

I samband med prosjektet “Kvinner på sokkel” har vi gjennomført synfaring av bronseskulpturar utført av Ambrosia Tønnesen i Bergen sentrum. Saman med Bergen kommunes rådgjevar for kunst og kulturutvikling har vi sett på konserveringsbehov. Neste steg er å lage kalkylar for konservering for eit utval av skulpturane.

Vestland fylkeskommune

Ein bronseskulptur ved det nye bybanestoppet ved Oasen, Fyllingsdalen er tilstandsvurdert

NHH

Vi har reinsa skulpturen «Triloglypt» av kunstneren Palle Pinervi ved Norges Handelshøyskole.



Statsbygg/Gamlehaugen

Det er gjennomført arbeid med å få fleire fat klare til utstilling i spisesalen på Gamlehaugen. Vi har bestilt nye gjennomsluktige akrylfeste som skal tilpassast til fata.

Øygarden Kommune

Konserveringsarbeidet på to kyrkjedører er fullført. Dørene tilhørte Fjell kyrkje, men dei har vore gjenbrukt som låvedører og har vore i svært ustabil stand.

Bjørnefjorden kommune

Vi har vore på synfaring og gitt råd om bruk av eit kjellarlokale i kommunens eigedom på Askvikneset.

Tekstilateliet

Norsk Hermetikkmuseum

To faner frå vart reingjort og glatta og klargjort for utstilling.

Grieghallen

Eit teppe av Synnøve Anker Aurdal frå er konservert. Det er reingjort og har fått nytt fôr og oppheng.

Oscar Graf Gallery

Eit teppe av Gerhard Munthe frå eit galleri i Paris er konservert og har fått nytt oppheng.

MIST

Eit teppe av Hannah Ryggen frå Nordenfjeldske Kunstindustrimuseum er konservert og fått nytt oppheng.

Kistefos

Eit teppe av Frida Hansen frå Kistefos vart konservert.

Buskerudmuseet

Ved å bruke mikroskop, har vi har analysert materiala i ei barneskjorte og eit putetrekk.

Hemsedal kyrkje

Vi har konservert ein messehakel frå kyrkja, og laga ei støtte slik at den kan stillast ut på ein god måte i kyrkja.

Musea på Sunnmøre

Eit par av portierer av Frida Hansen er konservert.

Telemark museum

Tekstilkonservatorane har gjort fiberidentifisering av ein etnografisk tekstil.

Gamlehaugen

Vi har konservert to tepper. Dei er reingjorte, gamle reparasjonar er fjerna, og erstatta av nye som gjev betre støtte og som passar betre visuelt. Teppene har fått nytt oppheng.

Fyllingsdalen kyrkje

Ein alterløpar har blitt reingjort.

Private kunder

Eit åkle er konservert. Det er våtreingjort og har fått nytt oppheng.

Eit teppe frå ein privat kunde er reingjort og pakka for magasinering. Vi har også konservert ein messehakel frå ein privat kunde, og laga ei støtte som messehagelen kan stillast ut på.



Ei av fanene frå Norsk Hermetikkmuseum



Messehakel etter konservering , med støtte for utstilling

Bygg og anlegg

Skadedyr

Bevaringstenestene arbeider heile tida med å halde oversyn over skadedyr slik at vi kan setje inn tiltak. I magasinerna er det førekomstar av støvlus og andre "ikkje-skadedyr", men det er få funn, og vi held kontroll med dette med jamnleg reinhald.

I nivå 0 har vi hatt ein mindre førekomst av tyvbiller. Det verkar som om kjelda til dette problemet kan vere ved den grønne gavldøra i 0. etasje. Vi har observert moderat spreiding til andre stader i bygget, m.a. i arbeidsmagasinet, og vi har funne enkelte individ i 1. etasje. Tiltak er sett i verk og situasjonen vert følgt nøye.

I 3. etasje har vi tidlegare hatt problem med stripeborebiller, men det ser ut til at tetting av taklekkasjen har redusert problema. Vi registrerte berre seks borebiller denne sommaren.

Klima

Klimaet i magasina held det nivået av fukt som vi forventar og ønskjer, med unntak av ein periode i starten av februar, kor det har vore relativt tørt. Dette skuldast truleg at utelufta på det tidspunktet var både kald og tørr.

I atelieret er det jamt over for tørt klima, med unntak av tekstilateliet der det er montert ein ny luftekanal frå befuktaren med ei vifte som fordeler fuktigheit i rommet. Fuktnivået der held seg no meir stabilt kring 50% RH.

Drift

Vi har registrert alle kjemikaliar med tilhøyrande risikovurdering i EcoOnline. Hovudtyngda i arbeidet framover vil vere å halde databasen ved like, gjere nye risikovurderingar med jamne intervall, og legge inn nye produkt.

Vi har kjøpt nye kjemikalieskap i 1. etasje slik at vi no har spesialskap for sikker lagring av syre og basar, og to skap for lagring av brannfarlege kjemikaliar. Dei brannsikre skapa er fordelt på 1. og 2. etasje. Vi har også inngått ein avtale med Ragn-Sells om årleg avhending av kjemikaliar, og det vert arbeida med å få avfallsbeholdar for avhending av materiale som er kontaminert med kvikksølv.

Alarmanlegg

Vi fekk installert nytt alarmanlegg på hausten, noko som gav ein del utfordringar med tilkopling til alarmen. Anlegget fungerer no som det skal.

Uteområdet

Hol i asfalten på parkeringsplassen er asfaltert på nytt, og kaiområdet er utbetra og har fått ny asfalt.

Fornyning

Vi vil halde fram med å arbeide for realisering av eit nytt fellesmagasin, samt sjå på korleis vi kan utvide kompetansen vår til det beste for alle musea i Vestland. Vi søker om midlar til å gjennomføre prosjekt som testar ut nye metodar og arbeidsformer som kan forbetre og fornye måten vi bevarer samlingane på saman med musea.

Generelt

Bevaringstenestene ser det som viktig å delta i kurs og konferansar som gir oss ny kunnskap som seinare vil komme musea til gode. Vi vil også utvikle nye faglege tilbod til musea.

Kartlegging av behovet for maleri- og papirkonservator

Arbeidet med kartlegging av behov for maleri- og papirkonservering i Vestland fylke er ferdig, og rapporten er sendt ut til musea. Resultatet som vert presentert i rapporten er at musea har store behov, men at dei fleste melder om at behovet for hjelp med det forebyggjande arbeidet er aller størst. Samtidig er det også eit stort behov for direkte konservering av kunstverk, naturleg nok gjeld dette i særleg grad for KODE og for kunstmuseet i Førde. Vi ser det som tenleg at det kan tilsetjast ein maleri- og papirkonservator som i første omgang arbeider forebyggjande med samlingane, særleg med å forberede samlingane på flytting til nye magasin, både det nye fellesmagasinet i Vestland, og magasin i Angedalen og på Kokstad. Etter kvart meiner vi det vil vere grunnlag for å opprette atelier for konservering av både maleri og papir, og at det kan finansierast delvis med eksterne oppdrag, slik vi gjer med tekstil-, møbel- og gjenstandskonservering pr. i dag. Dette må sjåast i samanheng med det nye fellesmagasinet, då det ikkje er plass til å opprette desse atelier hos Bevaringstenestene pr. i dag.

Samlingsplan for musea i Vestland

Arbeidet med ny felles samlingsplan for musea i Vestland har starta opp, og det vart halde eit oppstartsmøte med musea i november. Arbeidet vil halde fram gjennom 2022, og målet er å kunne presentere ein ferdig plan mot slutten av året. Det vil vere fleire møte med musea gjennom perioden vi arbeider med planen, både fellesmøte og møte hos dei einskilde musea.

Dokumentasjonsteam

Bevaringstenestene har fått midlar frå Museumsløft 2020 til å etablere eit dokumentasjonsteam som skal bidra til å få opp kvalitet og kvantitet i registrering av samlingane. Som ein test på korleis dette kan fungere i praksis vert musea sine samlingar av båtar registrert. Dette vert gjort i samarbeid med prosjektet «Båtsamlingene til museene i Vestland» som er eit samarbeidsprosjekt mellom Museumvest, Musea i Sogn og Fjordane og Hardanger og Voss museum.

ICOM-CC

Sarah har vore koordinator for tekstilgruppa i ICOM-CC. Den triennale kongressen som skulle føregå i Kina vart i staden avvikla digitalt. Kongressen varte i ei veke, og inneheldt over 150 presentasjonar om konservering og preventiv konservering av alle typar gjenstandar. Neste kongress blir i Valencia i Spania i 2023. Som medlem av tekstilgruppa har ho også arrangert det første av ein serie digitale møte kalla: «International Textile Discussions» saman med ein kollega i Australia. Møtet omhandla ulike teknikkar innan saumkonservering, med fokus på tradisjonelle japanske teknikkar. Dette vart presentert av Dr. Mie Ishii frå Saga University i Tokyo.

Sarah har også jobba på eit prosjekt som er leia av ICOM Costume, om innsamling av munnbind som er brukt i Covid-19 pandemien. Prosjektet munna ut i eit kurs om korleis museumstilsette bør handtere innsamling og utstilling av munnbind.

Nye kurstilbud

Vi held på å utvikle eit nytt kurstilbud om mugg i museumssamlingar, noko som musea har etterspurt.

Vi har utvikla eit nytt kurstilbud om plast i samlingane. I tillegg ønskjer vi å utarbeide eit kurs om bevaring av metallgjenstandar.

Samarbeid på tvers i MUHO

Vi har delteke i arbeidet med å utarbeide ein mangfaldsplakat for MUHO.

Vi har delteke i felles strategiprosess for MUHO.

Avdelingsleiar deltek i leiargruppa.

Verv

Ida AG: styremedlem i Hordaland Museumslag og i Norges Museumsforbunds seksjon for samlingsforvaltning

Roy: styremedlem MAF lokallag og MAF sentralstyre

Philippa: styremedlem FF lokallag

Torunn: valkomiteen for Hordaland Museumslag

TILSETTE VED AVDELINGA

Philippa Moxon, atelierleiar tekstilatelieret

Ida Areklett Garmann, nestleiar og tekstilkonservator

Sarah Benson, tekstilkonservator (til 30.11.21)

Signe Thøgersen (frå 15.11.21)

Liesa Berens, atelierleiar kulturhistorisk atelier

Heleen van Santen, metallkonservator (frå 1.9.2021)

Sian Pirnie, gjenstandskonservator (frå 15.11.2021)

Lena Hönig, gjenstandskonservator (til 01.05.21)

Ida Fløystad Brevig, gjenstandskonservator

Heidi Seilfaldet, seniorrådgjevar

Natalija Ćosić preventiv konservator (frå 5.11.21)

Anders Gjølås-Andersen, preventiv konservator

Roy Henrik Eriksen, driftsleiar

Abdel Karim M. Gadle, reinhaldar (permisjon frå 1.8.2021)

Liudmila Karpenka, reinhaldar, vikar

Torunn Kojan Bøe, avdelingsleiar

Økonomi

På grunn av fleire vakante stillingar og langtidssjukemeldingar har vi brukt mindre enn budsjettet på lønn. Av same grunn hadde vi lågare egne inntekter enn budsjettet. På grunn av fem nye tilsette har vi investert i nye kontormøblar, arbeidsklede og pc-ar. Vi har og kjøpt inn nye kjemikalieskap og fått laga ein film for å presentere planane om nytt fellesmagasin, noko som gjer at vi har brukt noko meir enn budsjettet på annan driftskostnad.